

– Os er ikkje berre ein stad – det er eit tankesett

Harald Lekvens (Sp) landlege draum om Os er i ferd med å rakna. Han inviterte difor til debatt om utviklinga i bygda. Og debatt – det fekk han.

Øystein Lid
ol@osogfusa.no

Erling Okkenhaug, også kjent som “Sørlandsrefsere”, innleidde debattmøtet onsdags kveld. Han synte fram bilete frå dei mange andre stadene han har vore langs kysten der utbyggarar har fått tura fram slik dei vil. Stathelle, Langesund, Grimstad, Risør, Askøy, var blant kyststadene han synte bilete frå til skrekk og åtvaring.

– Ofte ser me at opphavleg og spreidd busetnad og trehusarkitektur blir erstatta med bygningar i moderne arkitektur heilt utan røter på den aktuelle staden. Utan at dei som bur der frå før får vera med og bestemma, sa Okkenhaug til ein nær fullsett sal.

Tittelen på foredraget hans “Klar, ferdig – for seint”, spelte også på dette: Når innbyggjarane vil koma med sine innspel verkar det alltid vera for seint.

Han synte også eit bilete av Os Sjøfront – teke tidlegare på dagen – og kommenterte at det nok kom til å bli med i hans foredrag neste gong.

– Er de som politikarar nøgde med jobben de har gjort? spurde han panelet, utan eigentleg å få noko svar.

Plansmie i miniatyr

Okkenhaug marknadsførte det han kalla ei “plansmie”, som er eit firedagars seminar der innbyggjarane får koma med sine innspel til korleis nærområdet skal utviklast.

Foredragshaldaren var i Os berre ein dag, men hadde likevel fått osingane med på ei plansmie i miniatyr. Deltakarane hadde skrive ned sine idear for Os på gule lappar (delt inn under kategoriane “prosess”, “absolutter” og “intensjon”), og desse låg ut over eit bord på Kløvertun.

Her kunne ein mellom anna lesa små budskap som at politikarane må vera trufaste mot egne vedtekte planar. “Lat att bakdøra til ordføraren”, “auka medverknad i berørte krinsar”, “ingen bør ha monopol på arkitektjobbar”, “me vil ikkje ha orienteringsmøte som er utbyggarstyrt”, og “me vil ikkje ha høghus nær kyrkja”, kunne ein også lesa.

– Framtida blir vedteken utan folket

I panelet sat politikarar for alle politiske parti som er representerte i kommunestyret – med unntak av KrF. Men Miljøpartiet Dei Grøne var representert, og – som einaste ikkje-politiske organisasjon – “Nei til bru over Bjørnefjorden”.

Men leiar Knut Børgesen insisterte

på at problemet i Os stikk djupare enn for og mot bru.

– Den vedtekte brua er eit symptom på eit problem i Os. Det er at vanlege folk ikkje får vera med og delta før avgjerdene vert tekne, sa Børgesen og viste til ei rekkje døme på planar som ifølgje han er blitt vedtekte utan at folket har fått seia sitt.

– Osøyro skal utviklast til å bli by. Det skal byggjast ekstremt mange bustadfelt på kort tid i Os. Folketalet skal doblast. Ifølgje enkelte kjem det ein ny by i Endelausmarka (Lyseparcken). Dette er store planar på ekstremt kort tid. Det er full gass i ei bygd som har slite med veksesmerter lenge. Er det slik me vil ha det? Kva tid vart alt dette vedteke? Kva tid får folket seia sitt? Me i folkeaksjonen klarer ikkje å sjå kva tid det vart vedteke at framtida vår skulle sjå slik ut, sa Børgesen.

Terje Sperrevik (TvS) sa at deira parti ikkje er mot utvikling, men at utviklinga må styrast vesentleg betre enn kva Frp/H har fått til.

– Me ønskjer ikkje berre å bu og arbeida i Os, men me må også kunna trivast på fritida. Difor ønskjer ikkje me å bli nokon by eller ein bydel av Bergen, sa Sperrevik.

Som opposisjonspolitikar i plan- og bygningsutvalet har han førstehands kjennskap til korleis Frp/H sin arealpolitikk har sett ut.

– I sist møte var nesten halvparten av sakene dispensasjonssaker. Det blir fritt fram når fleirtalet ikkje følger egne planar, sa Sperrevik.

– Os må ikkje bli eit nytt Bærum

Nett denne kvelden var representantane frå fleirtalet – Terje Søviknes (Frp) og Marie Bruarøy (H) – i mindretal. Søviknes trekte fram at den veksten alle spådommar tilseier kjem på Bergenshalvøya, nødvendigvis må fordelast også på omkringliggjande kommunar. Han sa også at den einaste måten å bremsa folkeveksten på er å halda att på tomteareal – noko som vil føra til at prisane på eksisterande tomter og hus vil skyta i været.

– Då får ikkje unge i etableringsfasen råd til å busetja seg her. Me vil bli eit nytt Bærum, der berre dei rikaste får bu, sa Søviknes.

Okkenhaug gav Søviknes rett i dette, og sa at den folkeveksten som kjem, den kjem – og er uråd å stogga. Men det er korleis veksten skjer, og kva vilkår som blir lagt for han, som er poenget.

Marie Bruarøy gav kritikarane til dagens arealpolitikk rett litt på veg.

– Er me som politikarar styrt av utbyggarane? Det er eit godt spør-



Politikarane debatterte korleis folk flest kan sikrast betre medverknad i prosessar som vedtekte.

mål. Til ein viss grad er me kanskje det. Me må erkjenne at ikkje alle reguleringsplanar har gått heilt smertefritt. Men me har lært av feila våre, sa ho.

Søviknes la til at kommunen dei siste åra har lagt seg i bresjen for å rusta kommunen til folkeveksten som kjem, mellom anna ved å byggja nytt vassverk, kloakkreinseanlegg, ungdomsskule og fornyinga som er forsøkt i gangsett i sentrum.

– Eg meiner at me må tora å kalla Osøyro for ein småby, medan kommunen elles blir verande Osbygda. Eg ønskjer meg ein levande og attraktiv kommune, sa han.

Skal Os bli landets største kryss?

Jon Sivert Rykkel (V) var einig i at Osbygda kan ha både urbane og landlege kvalitetar, men la til at det ikkje er klesbutikkar eller urbane kaféar som gjer Os attraktiv.

– Det er nærleiken til sjøen og friluftslivet som gjer Os attraktiv. Difor ønskjer ikkje me oss noko bru over Bjørnefjorden som vil forringa desse kvalitetane og gjera Os mindre attraktiv. Dersom det i tillegg til bru over Bjørnefjorden kjem på plass motorveg over Haukeli, kan me risikera at trafikken både frå Stavanger og Oslo fyk rett gjennom bygda vår. Korleis det skal tena innbyggjarane, greier ikkje eg å sjå, sa Rykkel.

På eit tidspunkt måtte ordstyrar Hans Vindenes presisera at debatten skulle dreia seg om arealpolitikk. Det fekk han når medarrangør og senterpartimann Harald Lekven fekk ordet. Han hausta kraftig applaus etter sitt innlegg.

– Senterpartiet er garantist for at Osbygda består som bygd. Det går an å veksa og samtidig la det skje i eit berekraftig tempo, og der ting skjer i rett rekkjefølgje. Me vil også ha meir medverknad. Folket skal få leggja planane for sitt eige nær-område, sa Lekven.

Nils-Anders Nøttseter i MdG sa at kommunen treng meir heilskaplege løysingar.

– Den føreståande bustadbygginga på Bjånes, med sine 1100 bustader, er eit god døme. Utbygginga er rett nok blant dei betre planlagde, men

utviklinga manglar samanheng med resten av kommunen, sa han.

Rykkel spesifiserte at dei 2000 nye bilane dette vil utløysa er føreslått handtert ved å laga eit nytt felt i rundkøyringa i Os sentrum.

– Skal det liksom løysa trafikkorken? Me treng eit nytt styre i bygda, og då vil me få ein ny arealpolitikk, sa Venstres ordførarkandidat.



Erlend Haukeland synte fram eit bilete av marka.



... om deira egne krinsar.

Ein appell til sofaveljarane

Harald Lekven fekk siste ordet. Som fersk i politikken, heldt han ein overtlydande appell for at fleire må bli politisk involverte.

– Eg er med i Os Amcarclub og heng ein del på Er-An, og der sit me og meiner mangt og mykje om kommunen vår. Men det hjelper ingenting dersom me

ikkje fortel synspunkta våre til dei som har makt og mynde. Det krev faktisk at me deltek – det er opp til oss, sa Lekven.

Dei han talte til var nok alt blant dei mest engasjerte i bygda – og sofaveljarane, dei var heime i sofaen.



... om dei kraftige murane som ifølgje han skjemmer ut landskapet i Halhjems-

Ris og ros frå idealisten Okkenhaug



Erling Okkenhaug var mektig imponert over landskapet og omgjevnadene i Os då han var på synfaring i kommunen. F.v. Knut Ivar Børgesen, Erling Okkenhaug og Harald Lekven.

“Sørlandsrefsaren” Erling Okkenhaug er imponert over kor vakkert og kupert Os er, men delar av utbygginga i kommunen fekk refs då han var på synfaring onsdag.

Benjamin Søgner Olsen
benjamin@osogfusa.no

Erling Okkenhaug er ein idealist som kjempar for at byutviklinga skal respektere dei opphavlege stadsmiljøa og inkludere befolkninga i prosessane. Han har vore i over 25 byar i Noreg for å kjempa for at byane skal halda på sin identitet under utviklinga. Delar av arbeidet hans er å sjå i dokumentaren “Sørlandsrefsaren”, som er laga av osingen Pål Winsents.

– Ein hån mot Solstrand

Okkenhaug var i Os onsdag for å dela si erfaring og kunnskap, og koma med sine meiningar om Os kommune og byutviklinga. For å kunne gjera det måtte han på synfaring.

«Os og Fusaposten» fekk vera med i bilen då Knut Ivar Børgesen frå «Folkeaksjon mot bru over Bjørnefjorden» og Harald Lekven frå Senterpartiet, tok med seg Okkenhaug på rundtur i kommunen.

Eit av dei siste stoppa på turen gjekk til Solstrand Hotel & Bad. Det var “Sørlandsrefsarens” første besøk på hotellet. Han vart imponert.

– Dette er det vakraste hotellet på Vestlandet. Arkitekturen er smakfull og samhandlar med omgjevnadene. Heilt fantastisk, seier Okkenhaug.

Han møtte også “Solstrand-arving”, Pernille Schau-Larsen, og snakka om korleis dei hadde tenkt når dei utvikla hotellet. Berre ved å sjå på hotellet, visste

nok “Sørlandsrefsaren” at dei snakka same språk når det gjeld utvikling, men han spurde likevel korleis Pernille ville gått fram i utviklinga av Os kommune.

– Det gjeld å tenkja stort og langsiktig. Me har sett ut av landet for å sjå kva som skapar ein destinasjon, og fått inntrykk frå internasjonale arkitektur og planleggjarar, seier Schau-Larsen.

Okkenhaug forlét Solstrand som eit einaste stort smil. Men då me kom ut i krysset til Hatvikvegen var smilet borte. Han såg at det skulle byggjast fleire leilighetsblokker ved vegen som går ned til hotellet.

– Dette er ein hån mot Solstrand, seier Okkenhaug og held fram:

– Porten til den vakraste staden på Vestlandet vert Groruddalen!

Variasjon

Tidlegare på føremiddagen tok me gamle Halhjemsvegen frå Lepøykrysset ut til ferjekaien. Så var me på vitjing i hagen til Lehmkuhl-direktør Anders Lekven på “Apollo Hill”, for å få oversyn over Halhjem og Øyane.

Ferda gjekk vidare ut til nettopp Øyane. Der vart det

” – Porten til den vakraste staden på Vestlandet vert Groruddalen!

Erling Okkenhaug

snakka både utbygging og nye E39. Diskusjonen om kvar den nye brua eventuelt skal koma i land, tok han ikkje stilling til. Men på turen fekk han eit godt bilete av kva som er mantraet for Os.

– Variasjon er det ordet som beskriv Os best. Variasjonen i landskap og natur her er unik. På grunn av det bakkete landskapet må ein vera særskilt audmjuk i utbyggingar. Alt vert synleg, i motsetning til det flate Østlandet, der ein knapt ser naboen, seier Okkenhaug.

Folkeveksten kjem, og “Sørlandsrefsaren” seier at det er heilt naturleg at ein må byggja ut med tanke på folkevekst. Nøkkelen til suksess er å halda på variasjonen.

– Når variasjon er Os sitt mantra, er det då rett å reisa den eine sovjetiske bustadblokka etter den andre? spør Okkenhaug, og svarar seg sjølv.

– Det er fullt mogleg å fortetta ein bydel med mange einingar i staden for ei stor høgblock. Då respekterer ein omgjevnadene i utbyggingsprosessen, seier Okkenhaug.

Folk i Os må bretta opp ermene for å halda på identiteten til Os. Deira jobb er å halda politikarane i øyro. Politikarane må koma seg “opp att på hesteryggen”.

– Det er venta stor folkevekst. Politikarane må ri den ville hesten i staden for å hoppa av og overlata framtida i utbyggjarane sine hender, seier Okkenhaug og held fram:

– Det vert gitt for mange dispensasjonar frå reguleringsplanane. Kva er vitsen med ein politisk prosess når vedtektene ikkje har noko å seia? Men slik er det ikkje berre i Os. Det gjeld diverre heile landet.